Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Austfold

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Degernes

Emne: Vannbæring | Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Molaug | Gard: Hagestad

(adresse): Norsk Folkemuseum | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Johan N Hagestad, bonde, fødd 1877

SVAR

Brukka "åk" her. Har utkuling for halsen og kvilen på båe skuldrane. Hadde fóir vidju. Nå bar med jernkrok til byttene. Sum har kjetting. For 50 år sidan bar dei i trebytter, men ikkring 1895 kom sinkbyttene.

Dei bar også i "så". "Såen" hadde to øyrer. Dei hadde ein "stør" dei kalla "såstonga". Den sette dei inn i øyro og bar. Hadde stonga på skuldrene. Bakre mannen heldt under såen for at det ikkje skulle skvalpa over.



Hadde eit trelåk som flaut oppi såen for at det ikkje skulle skvalpa over. Det var både mannfolk og kvinnfolk som bar i såen. Har ikkje brukt vasski.

1074

23

Dei kjørte vatten med ~~*~~ kjelke som hadde eit styre bak.



omlag slik.

Kvinnfolka bar til kyrne og derfor var det mest Kvinnfolk som bar vatten.
Nå mest innlagt vatten. Denne vinteren er nokso utanom det vanlege for nå er brunnane tomme.
Dei kjørte mest aldri vatten med hest og slede eller kjerre.

Auste vatten opp i såen med "Kjølla" Den same dei molka i.



"Kjølle"

"Bøtta" hadde 2 øyra og "hava" til.

Var det lite vatten i brunnen, sette dei på ein kjepp.
Hadde "ingebanar" i fjøset var lik kølla, men større. Stelte til for kua i dei i staden for krybbe.
Saga "vonnel"

1074

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING